



Reglar for kompensasjon for tenestereiser utanom ordinær arbeidstid

1. Innleiing

Ifølgje hovudtariffavtalen kap. 1 § 4.7 skal det inngåast avtale om godtgjering/avspasering for reisetid som arbeidstakarar vert pålagd å reise utanom ordinær arbeidstid. Reglementet skal sikre like vilkår for kommunen sine arbeidstakarar.

Utgiftsdekning(godtgjersle) for tenestereiser er regulert i sentral særavtale «Reiseregulativet» ([SGS 1001](#)).

2. Kva reglementet dekkjer/ikkje dekkjer

Reglane gjeld for pålagde tenestereiser utanom ordinær arbeidstid. Reglementet skilje mellom reisetid og arbeidstid når arbeidstakar er på reiser.

Kurs, seminar og konferansar som er pålagt av arbeidsgjevar skal reknast som tenestereise dersom dette er nødvendig for at arbeidstakar skal yte eit bidrag eller for å halde seg à jour i si stilling. Det må gjerast ei konkret vurdering i kvart einskild tilfelle. Dersom ein konkluderer med at det er ei tenestereise, gjeld hovudtariffavtalen sine fellesreglar del A kap. 1 § 6, for arbeid som utførast på slike reiser.

For reise med følge av pasient/elev/klient gjeld [SGS1010](#).

Reglane gjeld ikkje for arbeidstakarar som er unnateke overtidsreglane i arbeidsmiljølova § 10-12(1)(arbeid av leiande art eller særleg uavhengig stilling).

For reiser utanlands gjeld reglane under punkt 6.

3. Reisetid

Reisetid er den tida som går med på reisa mellom arbeidsstad/bustad og oppdragsstad, inkludert nødvendig ventetid undervegs. Dersom reisa omfattar fleire oppdragsstadar, reknast tid for reiser mellom oppdragsstadane som reisetid.

Tida arbeidstakaren er på hotell ol. skal ikkje reknast som reisetid.

Reisetid innanfor ordinær arbeidstid reknast som arbeidstid. Reisetid utanfor ordinær arbeidstid reknast time for time (1:1). Utrekninga er lik for alle dagane i året.

Reisetid natt (2200 – 0600) reknast ikkje som arbeidstid dersom arbeidstakaren har rett til nattillegg etter regulativ eller nyttar soveplass.

4. Kompensasjon for reisetid

Reisetid ved pålagde reiser takast ut og avspaserast 1:1. For arbeidstakarar som omfattast av ordninga for fleksibel arbeidstid, skal timane førast på fleksitidsskjema under reise. Tidspunktet for avspasering skal avtalast med næraste overordna. Dersom arbeidsgjevar ikkje kan leggje til rette for at arbeidstakar får avspasert reisetida, skal det utbetalast timeløn.

Det vert ikkje utbetalt overtidstillegg for den kompenserte reisetida.

5. Arbeidstid

Arbeidstid er den tida arbeidstakar står til disposisjon for arbeidsgjevar og yte arbeid. Under tenestereise vil hovudregelen vere at arbeidsgjevar ikkje kan utøve kontroll med arbeidstida, og at hovudtariffavtalen sine reglar om arbeid- og overtid ikkje skal nyttast. Unntak gjeld dersom arbeidstakar spesifikt er pålagt eller på førehand har avtalt å utføre oppgåver utover ordinær arbeidstid.

6. Tenestereiser utanlands

På tenestereiser utanlands der oppdraget består i å utføre ordinært arbeid, gis det kompensasjon for pålagt arbeid utanfor ordinær arbeidstid. Kompensasjon for reisetid vurderast i den einkilde tilfelle, alt etter føremålet med reisa og innhald. Dersom berre delar av reisa er avsett til pliktig arbeid og arbeidstakar har god tid til eigen disposisjon, skal dette takast med i vurderinga. Det same gjeld dersom (deler av) programmet bærer preg av rekreasjon/underhaldning.

Eventuell kompensasjon kan gis innanfor dei rammene som går fram av punkt 4 og 5, etter søknad frå arbeidstakar. Avtale om kompensasjon skal inngåast skriftleg med næraste leiar før avreise.

Arbeidstakarar som er unnateke frå overtidsreglane, jf. arbeidsmiljølova § 10-12 og hovudtariffavtalen del A kap. 1 § 6.3 omfattast ikkje av regelen.

Det gis ikkje kompensasjon i forbindelse med kurs, seminar, studieturar, utstillingar, messer eller liknande.

Nordfjordeid, 27.02.2020


Åslaug Krogsæter

